



Bømlo sokneråd – Møteinnkalling 07-2024

Stad:	Bømlo Kyrkje- Litlesalen	Dato:	Klokka:
		onsdag 21.08.2024	18.00 – 20.00
Setja på varmen:	Noko å bita i: Restemat		
Ord for kvelden:	Laila R.		
Innkallinga gjeld:	Alle faste medlemmer og 2. varamedlem (1.vara har fritak dette halvåret)		

Saksliste:

Sak 01-07-2024: Godkjenning

Godkjenning av innkalling og saksliste.

Sak 02-07-2024: Møtereferat

Godkjenning av møtereferat frå siste møte, nr. 06-2024.

Det etterlyses referat frå møte 02-2024 og frå årsmøte den 10.03.24. Tiltak?

Sak 03-07-2024: Liste over tekstlesarar/kyrkjevertar/offer/kyrkjekaffi

Lista manglar endå navn på prest søndag den 1/12. Andre ting?

Vidare bør me føye til kven som skal stå for kyrkjekaffien dei aktuelle datoane.

Sak 04-07-2024: Utvendig kyrkjebygning

Oppussing av gavlvegger hovedskip er utført, sjå vedlagte notat 01-2024.

Vidare vedlikehald (flikking/ maling ++) ser ein for seg utført på dugnad og i godver. Mest «skjemmande» no er vegger rundt Sakristi og sørvegg i Litlesal, også deler av tårn.

Kan me forskuttera naudsynt innkjøp, og kven organiserer i tilfelle dugnad?

Sak 05-07-2024: Flomlys albertavle

Pr. i dag fungerer berre ein av dei to lyskastarane. Dette ser ein tydelig inne på albertavla, og er også blitt påpeikt av enkelte. Lyskastarane er i og for seg robuste, men nyttar energikrevande og no kostbare lamper som ikkje lenger reknast som hyllevarer (er fasa ut). Manglar og alt av dokumentasjon på utstyr/lamper.

Kan me og her forskuttera innkjøp av min. ein ny lyskastar, då type LED?

Sak 06-07-2024: Utstyr til kjøken

Servise og bestikk for 48 personar er no på plass (Svanhild V), litt supplering tas etterkvart.

Det er dermed og klargjort for eventuell utleige av Litlesal. Godkjenning /pris for utleige?

Sak 07-07-2024: Årshjul

Som årshjul er det frå tidlegare sokneråd sett opp ei liste med årlege saker knytta til aktuell månad, i tillegg til dei generelle og standard sakene for kvart møte. Sjå og vedlegg 07-2024.

Er det stemning for å detaljere lista?



DEN NORSKE KYRKJA
Bømlo sokn

Sak 08-07-2024: Ymist

- Storsamling for sokneråda onsdag 28.08; kven tar på seg klargjering av Litlesalen?
NB! Frist for påmelding gjekk ut 14/8.
- Val av ny prost – sokneråda sin uttale, frist 10/9?
- Prostdag i Sveio torsdag 12.09, kven melder seg på?

VEL MØTT

Bømlo 14.08.2024

Rolf Magne Skippervik